

TIL DEG PÅ UNGDOMSSTRINNET

Du kan klage på standpunktkarakterane du får på ungdomsskulen, dersom du meiner reglane for å sette standpunktkarakter ikkje er følgde. Dei fleste standpunktkarakterane får du på slutten av 10.trinn. I nokre fag kan du få standpunktkarakter tidlegare, slik som i valfag og mat og helse.

Kva er ein standpunktkarakter?

Ein standpunktkarakter er den avsluttande karakteren du får i faget. Standpunktkarakteren skal vise den samla kompetansen du har i faget. Det er standpunktkarakteren som kjem til å stå på vitnemålet ditt frå ungdomsskulen.

Dersom du ønskjer å klage på standpunktkarakter:

- Klage på standpunktkarakter sender du til skulen din. Fristen for å klage er 10 dagar.
- Dersom du ønskjer å vite kvifor du har fått karakteren din, kan du be om grunngiving, før du klagar. Fristen for å be om grunngiving er 10 dagar. Når du har fått grunngivinga, har du 10 dagar frist til å sende klage.
- Klagen må vere skriftleg og underskriven av deg eller foreldra dine. Er du under 15 år må foreldre samtykke til klage.
- Skriv gjerne kvifor du klagar.
- Klagebehandlinga kan føre til at karakteren blir ståande, karakteren blir sett opp eller at karakteren blir sett ned.

Kva gjer Statsforvaltaren i saka?

Dersom du klagar på standpunktkarakteren, vil Statsforvaltaren sjå på om skulen har følgd reglane som gjeld for karakterfastsetjing.

Du finn meir informasjon om dette på www.statsforvalteren.vestland/informasjonskriv og på www.udir.no/

Med venleg helsing
Statsforvaltaren i Vestland